

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.	9 Lauving	Fylke:	Opland
Tilleggsspørsmålnr.		Herad:	Etneidal
Emne:	Lauving	Bygdelag:	Heile bygdi
Oppskr. av:	Lærar Martin Lundstein	Gard:	
(adresse):	Bruflat	G.nr.	Br.nr.

- A. ~~Merk av om oppskrifta~~ er etter eiga røynsle. i samråd med Syver Solbjør, 75 år
- B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Frå gamal tid og heilt <sup>SVAR</sup> siste århundreskifte og kanskje litt lenger har lauving høyrt med til va nleg onnearbeid, og so og seie vore årvist på gardane her. i alle fall på dei gardar der dei hadde bra med lauvs- skog. Men i dei siste 30-40 år har det vorte mindre og mindre av dette slags arbeid. Lite og kostbar arbeids- hjelp er grunnen til dette. Eg kjenner berre ein gard her i grannelaget, der dei framleis driv lauving årvist. Det er i Solbjør hjå Syver. Der tek dei no som før ei veke litt ut i juli til lauving. Det eg har å seie om layving, er difor mest etter Syver Solbjør.

## I

För rekna dei lauvet for årvist for, no berre som hjel- pefor. Ærsom dei då i Æt heile har lauv. Ein høyrd e ik- kje om meir lauving under krigen enn elles.

## II

Når ein kan lauve? Ikkje för ut i Juli, seier Syver. lauvar ein för, blir lauvet for turt og smuldrint og slett ikkje godt. Elles kan ein lauve utover hausten so lenge lauvet held seg grönt. Dette slags arbeid kal- last her lauving, og det er björk som mest har vore nytta, av di det har vore mest av den, elles reknar ein lauv av osp, raun og sölju for beste slags lauv. ("God- lauv"), sa dei gamle om desse tre lauvslagi.

## III

Til å hogge ned tre og greiner åt lauvarane bruktest

2

ei vanleg öks. Lauvarane brukte lauvkniv. Andre reidskap var ikkje brukt. På husmannsplassar og mindre bruk brukte dei mykje å rispe. Det var mest god godlauv dei rispa, osp raun, sölju. Då rispa dei i ei teine, og bar til husan, og turka det enten ved läven eller på lävesolvet. Sume brukte "fingerlöysor", d.e. fingervottar utan fingre, når dei rispa.

#### IV

Ofte tok dei lauv av rotfaste tre, når dei lauva, eller det var ein kar med, som "nogg ned". Han rothogg, eller han berre hogg greiner av store tre. Dette <sup>siste</sup> kallast å galde. Dei avlauva greinerne kallar me her lauvstaka. Dei vart gjerne kasta i haug og seinare opppynta til ved. Ein slik galda björkekall fekk snart nye greiner, men fyrst etter 5-7 år - alt etter som kva tid på året han sist vart galda - kunne ein galda han på ny. Ein slik galda björkekall var det ingen som brydde seg om eller tok vare på.

#### V

Lauvhesjer kjenner me ikkje til her. Det lauvet som vart teke i innmark, vart gjerne kövrt eller bore inn og teist til turking enten under eller på läven. Når det vart lauva i utmark, som det mest vart för, laga dei alltid lauvkuv, som me kallar det. Lauvkuven vart alltid sett rundt ei passeleg stor gran, med <sup>på kjervane</sup> toppenvinn og helst slik at han skrädde litt attover, so han kunne slå av seg veta. Til hette over kuven bruktest granbar. Ein liten kuv vart det av 200 kjervar. Ein meddels av 300. Ein stor kuv kunne ha inntil 400. Når ein såg ein slik lauvkuv i utmarken, såg ein alltid at det hang ein lang björkesvolk nedetter kuven, festa i granleggen over kuven. Den hadde han som laga

3

kuven, brukt til å fire seg nedatt med. Det var vanleg at at dei som lauva hadde lage: 100kjerv for kvende, og då skulde dei ha nedhogge Og 120 for karar. Alle hadde ein talstokk hengande på brystet. Den var spikka av ein bjørkekvist, og so vart det gjort ei skoro for kvar kjerv. Surlauv kjenner me ikkje til her.

VI

Lauvet vart aldri bore heim frå kuven, men köyrt med hest hest på vanleg höyslede. Dei som ikkje hadde hest drog på skikjelke. Dugna på lauvfrakting har me ikkje höyrt om her.

VII

Både karar og kvende driv arbeidet på same vis, nnda-teke at det alltid er ein kar som hö gg ned og set opp kuven, og eit dagslage for kar er 120 og for kvende 100 . Det har vore drive lauving både i inn og utmark.

VIII

Lauvet blir helst lagt i lad inne iläven eller löa. Det er småkröter, som mest får lauv, gjerne to gonger om dagen, dersom dei har bra forsyning, får ogso ungdvyr og storfe)lauv ei gong dagleg. Det er bra for trevnaden det, seier fjösfolki. Det var vanleg för å rekne 100 kjervar for kvart småfe,

~~IX~~

Sjå frammafor om godlauv. Men det blir likvel lauva mest björk, då her er mest av den.

X - XV

Alm har me ikkje noko av her. Felleslauving blir aldri drive. Men mange som ikkje hadde lauvskog sjölv, fekk stundom lauve i skogen åt andre. Dette vart gjerne betalt med litt arbeid. Lauvet oppø i åsen var halde for betre enn lauvet nede i dalen. Ikie noko anna arbeid skapar slik mathug som lauving, seier somme av dei som har drive mykje med det slags arbeid. "Eg er svolten mest stött ,når me driv i lauvskog,"nermer dei etter Øystein Mithus, den gamle husmannen i Solbjör.

4  
Lauv som rakes sammen på bakken.

kallast her for röslauv, men det har vore lite nytta her. Ein reknar det for lite verdfullt. Ein og annan kan av og til ha raka saman litt av det likvell. Det har då mest vore av björk, osp og or. Til å raka saman med brukte dei då ei vanleg hövrive. bar det heim i sekker, og brukte det som sörpe, blanda saman med agner, höymo eller kva anna dei kunne ha. Ein kan vist seia at röslauv ikkje har vore nytta som foring her del siste 20 -25 år. Folk finn ikkje at det løner seg å bruke tidi til slikt no.

1798

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING